

---

**FUSJONSPLAN**  
**FOR**  
**ORIGOD AS**  
**(overtakande selskap)**  
**OG**  
**NÆRTENESTEN AS**  
**(overdragande selskap)**

---

03.10.2018

Denne fusjonsplanen er inngått mellom:

som overdragande selskap

#### **i. NÆRTENESTEN AS**

Adresse: Hamregata 17, 6900 Florø  
Kommune: Flora  
Org nr: 957 580 386

og som overtakande selskap

#### **ii. ORIGOD AS**

Adresse: Industrivegen, 6900 Florø  
Kommune: Flora  
Org nr: 930 994 723

Origod AS og Nærteneften AS er i det følgande i fellesskap kalla "**Partane**" og kvar for seg "**Part**".

### **1. BAKGRUNN OG GRUNNGJEVING**

Styra i Nærteneften AS og Origod AS er samde om å foreslå for sine respektive generalforsamlingar at selskapa fusjonerer. Origod AS er overtakande selskap og Nærteneften AS er overdragande selskap i fusjonen.

Nærteneften AS er ei Vekstbedrift og Origod AS har status som Arbeid- og Inkluderingsverksemd. Dette vil m.a. sei at selskapa er godkjente som leverandørar av tiltak i skjerma sektor til NAV. Det gjeld eigne forskrifter for drift av desse verksemdene, som ikkje har høve til å betale utbytte, ikkje skal betale skatt på overskot og der overskotet skal brukast til å utvikle og fremme arbeid og kvalifisering. Etter omlegging av tiltakssystemet er alle inntektene frå NAV stykkprisfinansiert og det blir berre betalt for faktiske leverte månadsverk til NAV.

Rammevilkåra for Vekstbedriftene og Arbeid- og Inkluderingsverksemdene har blitt vesentleg svekka sidan 2016. Dette som følge av omlegging av tiltaksstruktur og endra rammevilkår frå NAV, meir bruk av anbod frå NAV og at NAV utfører stadig meir av tenestene sjølv.

Som ein konsekvens av dette er talet på tilsette i begge verksemdene blitt redusert, men likevel kan det vere vanskeleg å oppnå tilfredsstillande lønsemd i drifta.

Slik situasjonen er blitt, innser styre, leing og tilsette i begge verksemdene at dagens driftsmodell ikkje har tilstrekkeleg tyngde til å få ei god utvikling og må tilpasse seg endra rammevilkår. Ved å fusjonere skapar ein ein ny og større samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbodskrav frå NAV Vestland, ein vil sikre eit godt fagmiljø, kunne få ein rasjonaliseringsvinst i driftskostnadane på minst NOK 1 mill.

NAV Sogn og Fjordane er svært positiv til framlegget om å fusjonere og har tilrådd fusjonen.

Formålet med fusjonen er å møte denne utviklinga og bli slagkraftig som arbeidsmarknadsaktør i Sunnfjord-området, og kursleverandør til NAV.

Ved å fusjonere har selskapa større moglegeheiter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet for brukarane og å skape solide og trygge arbeidsplassar. Det er vidare eit mål å oppnå ei betre utnytting av samla ressursar, og å vidareutvikle kompetansen og breidda i det samla tilbodet for å møte endra rammevilkår og krav, og slik bli mindre sårbare. Gjennom fusjonen vil NAV kunne disponere tiltaksplassane fritt i den felles bu- og

arbeidsmarknaden som Nærtenesten AS og Origod AS opererer i. På den måten vil NAV få meir fleksible tenester tilpassa behovet, og selskapet som tiltaksarrangør kan lettare sikre at tiltaksplassane blir godt utnytta. Brukarane vil få ei betre teneste og høve til jobb ved at verksemda dekker eit større distrikt med meir variasjon i samarbeidsverksemdar. Fusjonen vil også gi økonomisk innsparing. Verksemda vil ha eit realistisk håp om å kunne utvide tala VTA plassar og nytte og vidareutvikle gode arenaer for arbeid innafor tenesteyting. Verksemda har større sjans til å kunne utvikle kurstilbod til NAV i det nye Vestland.

Fusjon vil også gi betre høve til å utvikle nye tenester, levere anbod og ha større påverknad på NAV, kommunane, fylke og næringsliv for å skape fleire tenester.

Origod AS blir etter fusjonen ei verksemd tilstades i begge dei nye kommunane Sunnfjord og Kinn med arbeidsretta tenester og arbeidsplassar.

På bakgrunn av dette meiner styra i begge selskapa at det vil vere føremålstenleg å fusjonere selskapa.

## **2. FRAMGANGSMÅTEN FOR FUSJONEN**

Fusjonen er regulert av aksjelova kapittel 13, skattelovas reglar om skattefri fusjon og føresegnene i rekneskapslova.

Fusjonen vert gjennomført ved at heile verksemda bestående av alle eigarar, rettar og skyldnader i Nærtenesten AS vert overført til Origod AS.

Som vederlag i fusjonen mottek aksjonærane i Nærtenesten AS nye aksjar i Origod AS.

Nærtenesten AS blir sletta på tidspunktet fusjonen trer i kraft. Origod AS held fram som selskap etter fusjonen med uendra føretaksnamn og forretningskommune. Det nye styret vurderer om det er trong for å bytte namn etter gjennomføring av fusjonen.

Fusjonsplanen med vedlegg skal leggast fram for endeleg vedtak i generalforsamlinga i Nærtenesten AS og Origod AS.

## **3. FUSJONSVEDERLAGET**

Fastsetting av byttetilhøvet er bygd på verkeleg verdi av de to fusjonerande selskapa. Det er i denne samanheng lagt til grunn at Nærtenesten AS har ein verdi på NOK 10 204 000, medan Origod AS har ein verdi på NOK 65 812 000.

Aksjonærane i Nærtenesten AS vil motta aksjar i Origod AS som svarar til tilhøvet mellom verdien av Nærtenesten AS og verdien av Origod AS.

Fusjonsvederlaget vert utskrive ved auke av aksjekapitalen i Origod AS. Aksjekapitalen vert auka frå NOK 982 964 med NOK 152 098 til NOK 1 135 062 ved utskrivning av totalt 152 098 nye aksjar pålydande NOK 1.

Det skal ikkje utskrivast tilleggsvederlag i fusjonen.

Fusjonen vert gjennomført under føresetnad av at vedtatt fusjon mellom Origod AS og Mentro AS, org nr 930 255 904, blir gjennomført i samsvar med fusjonsplan av 27. august 2018. Ved utrekninga av byttetilhøvet mellom Origod AS og Nærtenesten AS, og ved utrekninga av kapitalauken (fusjonsvederlaget) er det teke utgangspunkt i at fusjonen mellom Origod AS og Mentro AS blir gjennomført. Dette inneber at opplysningar om Origod AS sin verdi, er Origod AS sin verdi etter fusjon med Mentro AS. Origod AS sin aksjekapital på NOK 982 964 er vedtatt av generalforsamlinga som ein del av avgjerda om fusjon med Mentro AS. Kapitalauken i Origod i samband med fusjonen med Mentro AS blir ikkje registrert i Føretaksregisteret før kreditorfristen i fusjonen med Mentro AS er utløpt og fusjonen blir meldt gjennomført.

## **4. TIDSPUNKT FOR GJENNOMFØRING AV FUSJONEN**

### **4.1. Selskapsrettsleg ikraftsetjing**

Ein føresetnad for ikraftsetjing av fusjonen er at kreditorfristen på seks veker er utløpt og ingen kreditorar har kravd innfriing eller trygd etter reglane i aksjelova, eller at slike kreditor motsegner er handtert. Når denne føresetnaden er oppfylt, trer fusjonen selskapsrettsleg i kraft når Føretaksregisteret har registrert innsendt melding om gjennomføring av fusjonen. Siktemålet er at dette vil skje i løpet av desember 2018.

Når fusjonen trer i kraft har det følgande verknader:

- i. Nærtenesten AS er endeleg oppløyst og sletta.
- ii. Alle egedelar, rettar og skyldnadar som høyrer til Nærtenesten AS er overført til Origod AS i samsvar med føresegnene i fusjonsplanen.
- iii. Aksjekapitalen i Origod AS er auka.
- iv. Aksjane i Nærtenesten AS er bytta om med aksjar i Origod AS som fusjonsvederlag. Totalt skrivast det ut 152 098 nye aksjar i Origod AS.
- v. Vedtektene i Origod AS er endra som oppgitt i fusjonsplanen.
- vi. Andre verknader som fastsett i aksjelova, lovverket elles og i fusjonsplanen.

### **4.2. Skattemessig gjennomføring**

Fusjonen skal gjennomførast med skattemessig verknad frå det tidspunktet som følger av skattelova.

Det er ein klar føresetnad at fusjonen kan og skal gjennomførast som ein skattefrie fusjon i samsvar med skattelova kapittel 11.

Fusjonen skjer med skattemessig kontinuitet slik at Origod AS overtek dei skattemessige posisjonane i tilknytning til dei overførte egedelane, rettane og pliktene frå Nærtenesten AS. Ein reknar difor ikkje med at fusjonen vil utløyse umiddelbare skattemessige konsekvensar.

### **4.3. Rekneskapsmessig gjennomføring**

Fusjonen blir gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå det tidspunkt fusjonen trer i kraft. Alle transaksjonar, inntekter og kostnadar knytt til dei egedelane, rettane og pliktene som Origod AS skal overta ved fusjonen, blir frå dette tidspunktet tilordna Origod AS.

Fusjonen skjer med rekneskapsmessig kontinuitet slik at Origod AS vidarefører rekneskapsførte verdiar av dei egedelane, rettane og pliktene som ved fusjonen blir overtekne frå Nærtenesten AS.

## **5. SELSKAPSRETTSLEGE VEDTAK**

### **5.1. Nærtenesten AS**

Det blir føreslått at generalforsamlinga i Nærtenesten AS gjer følgande vedtak:

*“Generalforsamlinga godkjenner fusjonsplanen datert 03.10.2018 for fusjon mellom Nærtenesten AS og Origod AS. Dette inneber at selskapet blir oppløyst for fusjon med Origod AS.”*

## **5.2. Origod AS**

Det blir føreslått at generalforsamlinga i Origod AS gjer følgande vedtak:

*“Generalforsamlinga godkjenner fusjonsplanen datert 03.10.2018 for fusjon mellom Nærtenesten AS og Origod AS.”*

Det blir vidare føreslått at generalforsamlinga i Origod AS i høve fusjonen gjer vedtak om kapitalauke og vedtektsendring:

- i. Aksjekapitalen i Origod AS aukast frå NOK 982 964 med NOK 152 098 til NOK 1 135 062 ved utskrivning av 152 098 nye aksjar kvar pålydande NOK 1.
- ii. Kapitalauka skjer til kurs på ca NOK 20,6572 pr aksje. Dette vil seie eit totalt aksjeinnskott på NOK 3 141 928, av dette er NOK 152 098 aksjekapital og NOK 2 989 830 overkurs.
- iii. Aksjeinnskottet blir gjort opp ved at Origod AS overtek egedelar, rettar og skyldnadar frå Nærtenesten AS i samsvar med føresegnene i fusjonsplanen.
- iv. Dei nye aksjane blir teikna av og tilfell aksjeeigarane i Nærtenesten AS. Aksjane blir rekna for teikna ved at generalforsamlinga i Nærtenesten AS godkjenner fusjonsplanen.
- v. Dei nye aksjane skal ha fulle rettar frå tidspunktet for selskapsrettsleg ikraftsetjing av fusjonen.
- vi. Utgiftene til kapitalauka er vurderte til ca. NOK 15 000. Utgiftene blir dekkja av selskapet.
- vii. Som følge av auka av aksjekapitalen blir § 4 i vedtektene endra til å lyde:

“ Aksjekapitalen er NOK 1 135 062 delt på 1 135 062 aksjar pålydande NOK 1. ”

## **6. VILKÅR FOR UTØVING AV AKSJEEIGARRETTAR**

Vederlagsaksjane gir rettar i Origod AS frå tidspunktet for selskapsrettsleg ikraftsetjing av fusjonen.

Aksjeeigarane i Nærtenesten AS vil umiddelbart etter at fusjonen selskapsrettsleg har tredd i kraft, bli innført i Origod AS' aksjeeigarbok som eigarar av vederlagsaksjane. For å bli registrerte som eigar av vederlagsaksjar i Origod AS må vedkommande vere registrert som aksjeeigar i Nærtenesten AS på tidspunktet for selskapsrettsleg ikraftsetjing av fusjonen eller ha meldt og godtgjort sitt aksjeervert i Nærtenesten AS overfor ein av Partane.

## **7. SÆRLEGE RETTAR**

Det eksisterer ingen teikningsrettar, opsjonar eller andre særlege rettar knytt til aksjane i Nærtenesten AS. Ingen slike rettar skal heller tildelast ved fusjonen.

Det skal ikkje tilfalle nokon særleg rett eller fordel for styremedlemmer, dagleg leiar eller sakkyndige i samband med fusjonen.

## **8. FUSJONENS VERKNADER FOR DEI TILSETTE**

Dei tilsette i Origod AS blir ikkje påverka av fusjonen og held fram sine tilsetjingsforhold med uendra lønsvilkår og rettar.

Alle tilsette i konsernet Nærtenesten AS blir overførte til Origod AS med uendra lønsvilkår og rettar. Det overtakande selskapet overtek fullt ut det overdragande selskapet sine plikter overfor dei overførte tilsette.

Origod AS skal vidareføre offentlig tenestepensjon for dei tilsette i konsernet Nærtenesten AS som er medlemmer i den lukka ordninga. KLP sin føretakspensjon skal vidareførast for dei øvrige tilsette i konsernet Nærtenesten AS.

Alle tilsette i begge selskapa også tilsette på VTA kontrakt, er blitt informert om fusjonen og er gitt høve til å drøfte og uttale seg om samanslåinga i samsvar med reglane i aksjelova og arbeidsmiljølova.

## **9. RÅDERETTSAVGRENSINGAR**

Ingen av Partane – eller selskap som inngår i deira konsern – skal frå inngåinga av fusjonsplanen handle i strid med føresegnene i planen.

Origod AS og Nærtenesten AS skal ikkje utan samtykke på førehand frå den andre Parten vedta eller gjere vesentlege investeringar, sal av verksemd eller endringar i verksemda eller kapitalstrukturen, utdelingar, eller andre disposisjonar med vesentleg innverknad på samanslåinga eller som fell utanfor ramma av ordinær drift. Desse avgrensingane gjeld ikkje handlingar som er føresette i fusjonsplanen, eller som er nødvendige for å gjennomføre fusjonen.

Origod AS overtek forvaltinga av Nærtenesten AS med verknad frå vedtakinga av fusjonen, føresett at fusjonsplanen er godkjent av generalforsamlingane i Nærtenesten AS og Origod AS, jamfør aksjelova § 13-6 andre ledd og § 13-17 andre ledd.

## **10. VILKÅR FOR GJENNOMFØRING AV FUSJONEN**

Gjennomføring av fusjonen skjer på vilkår av at:

- i. Partane får alle løyve frå offentlege styresmakter eller andre instansar som er nødvendige for å gjennomføre fusjonen i samsvar med fusjonsplanen. Det er vidare ein føresetnad at løyva ikkje inneheld vilkår som vil ha vesentleg negativ innverknad på det samanslåtte selskapet, med mindre Partanes styre er samde om at verknaden for det samanslåtte selskapet ikkje vil ha vesentleg negativ innverknad når ein tek omsyn til kompensasjon som eventuelt måtte bli avtalt i samband med dette.
- ii. Eventuelle tredjepartssamtykke som måtte vere nødvendige for gjennomføring av fusjonen er gitt, med mindre Partanes styre er samde om at verknaden for det samanslåtte selskapet ikkje vil ha vesentleg negativ innverknad når ein tek omsyn til kompensasjon som eventuelt måtte bli avtalt i samband med dette.
- iii. Fusjonsplanen er godkjent med nødvendig fleirtal i generalforsamlingane i Origod AS og Nærtenesten AS.
- iv. Fristen for motsegn frå kreditorane er utløpt for begge Partane, og tilhøvet til kreditorar som i tilfelle har gjort gjeldande motsegn, er avklara eller handtert på annan måte i samsvar med aksjelova.
- v. Det ikkje fram til utløpet av kreditorfristen er komme til omstende som gjeld den andre Parten som vesentleg endrar grunnlaget for fusjonen.
- vi. At fusjon mellom Mentro AS og Origod AS er gjennomført i samsvar til fusjonsplan av 27. august 2018.

## **11. ENDRINGAR I FUSJONSPLANEN**

Partane sine styre skal saman, på vegner av dei involverte selskapa sine generalforsamlingar, kunne gjere og gjennomføre mindre endringar i fusjonsplanen, føresett at endringane ikkje er vesentlege og ikkje er til skade for aksjonærane i noko av selskapa. Endringar i fusjonsplanen skal gjerast skriftleg.

## 12. OFFENTLEGGJERING OG PLIKT TIL Å HALDE LØYND

Inngåing av fusjonsplanen skal offentleggjerast på ein føremålstenleg måte på eit nærare avtala tidspunkt.

All informasjon som er og vil bli tileigna frå den andre Parten i samband med fusjonen, og som ikkje er allment kjent, skal handsamast løynleg og ikkje brukast til andre formål enn i samband med samanslåinga. Dette gjeld likevel ikkje dersom plikt til å gi slik informasjon følger av lov eller forskrift. I slike tilfelle skal den som er pålagd å gi informasjon, så vidt mogeleg spørje den andre Parten til råds før informasjonen blir gitt.

## 13. KOSTNADAR

Kostnadane i samband med fusjonen skal dekkast av Origod AS.

## 14. VEDLEGG

Denne fusjonsplanen har følgande vedlegg:


- i. Vedtektene for Origod AS (pr dato for fusjonsplanen)
- ii. Siste årsrekneskap og revisjonsmelding for Origod AS
- iii. Siste årsrekneskap og revisjonsmelding for Nærtenesten AS


## 15. UNDERSKRIFTER

Fløy 03.10.18  
stad, dato

### Styret i Nærtenesten AS:

  
Vidar Grønnevik  
Styreleiar

  
Sissel Leni Sundal Nærø  
Styremedlem

  
Edith Anna Årebrot Madsen  
Styremedlem

  
Elna Magny Berge  
Styremedlem

  
Lasse Seim  
Styremedlem

Fløy 03.10.18

stad, dato

**Styret i Origod AS:**


  
Bjørn-Harald Haugsvær  
Styreleiar


  
Siv Merete Stadheim  
Styremedlem

  
Bente Hauge  
Styremedlem

  
Heidi Grande Røys  
Styremedlem

  
Vidar Grønnevik  
Styremedlem

  
Hans Jørgen Prestrud  
Styremedlem

  
Halvard Avdem  
Styremedlem



**RAPPORT FRÅ STYRET I NÆRTENESTEN AS  
OM  
FUSJON MELLOM  
ORIGOD AS OG NÆRTENESTEN AS**

**1. BAKGRUNN**

Styra i Nærtenesten AS og Origod AS har utarbeidd ein felles fusjonsplan for fusjon av selskapa med sistnemnte som overtakande selskap.

Denne rapporten er utarbeidd i samsvar med aksjelova § 13-9.

**2. GRUNNGJEVINGA FOR FUSJONEN**

Styra i Nærtenesten AS og Origod AS er samde om å foreslå for sine respektive generalforsamlingar at selskapa fusjonerer. Origod AS er overtakande selskap og Nærtenesten AS er overdragande selskap i fusjonen.

Nærtenesten AS er ei Vekstbedrift og Origod AS har status som Arbeid- og Inkluderingsverksemd. Dette vil m.a. sei at selskapa er godkjente som leverandørar av tiltak i skjerma sektor til NAV. Det gjeld eigne forskrifter for drift av desse verksemdene, som ikkje har høve til å betale utbytte, ikkje skal betale skatt på overskot og der overskotet skal brukast til å utvikle og fremme arbeid og kvalifisering. Etter omlegging av tiltakssystemet er alle inntektene frå NAV stykkprisfinansiert og det blir berre betalt for faktiske leverte månadsverk til NAV.

Rammevilkåra for Vekstbedriftene og Arbeid- og Inkluderingsverksemdene har blitt vesentleg svekka sidan 2016. Dette som følge av omlegging av tiltaksstruktur og endra rammevilkår frå NAV, meir bruk av anbod frå NAV og at NAV utfører stadig meir av tenestene sjølv.

Som ein konsekvens av dette er talet på tilsette i begge verksemdene blitt redusert, men likevel kan det vere vanskeleg å oppnå tilfredsstillande lønsemd i drifta.

Slik situasjonen er blitt, innser styre, leiding og tilsette i begge verksemdene at dagens driftsmodell ikkje har tilstrekkeleg tyngde til å få ei god utvikling og må tilpasse seg endra rammevilkår. Ved å fusjonere skapar ein ein ny og større samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbods krav frå NAV Vestland, ein vil sikre eit godt fagmiljø, kunne få ein rasjonaliseringsgevinst i driftskostnadane på minst NOK 1 mill.

NAV Sogn og Fjordane er svært positiv til framlegget om å fusjonere og har tilrådd fusjonen.

Formålet med fusjonen er å møte denne utviklinga og bli slagkraftig som arbeidsmarknadsaktør i Sunnfjord-området, og kursleverandør til NAV generelt.

Ved å fusjonere har selskapa større moglegeheiter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet for brukarane og å skape solide og trygge arbeidsplassar. Det er vidare eit mål å oppnå ei betre utnytting av samla ressursar, og å vidareutvikle kompetansen og breidda i det samla tilbodet for å møte endra rammevilkår og krav, og slik bli mindre sårbare. Gjennom fusjonen vil NAV kunne disponere tiltaksplassane fritt i den felles bu- og arbeidsmarknaden som Nærtenesten AS og Origod AS opererer i. På den måten vil NAV få meir fleksible tenester tilpassa behovet, og selskapet som tiltaksarrangør kan lettare sikre at tiltaksplassane blir godt utnytta. Brukarane vil få ei betre teneste og høve til jobb ved at verksemda dekker eit større distrikt med meir variasjon i samarbeidsverksemd. Fusjonen vil også gi økonomisk innsparing. Verksemda vil ha eit realistisk håp om å kunne utvide tala VTA plassar og nytte og vidareutvikle gode arenaer for arbeid innafor tenesteyting. Verksemda har større sjans til å kunne utvikle kurstilbod til NAV i det nye Vestland.

Fusjon vil også gi betre høve til å utvikle nye tenester, levere anbod og ha større påverknad på NAV, kommunane, fylke og næringsliv for å skape fleire tenester.

Origod AS blir etter fusjonen ei verksemd tilstades i begge dei nye kommunane Sunnfjord og Kinn med arbeidsretta tenester og arbeidsplassar.

På bakgrunn av dette meiner styra i begge selskapa at det vil vere føremålstenleg å fusjonere selskapa.

### 3. FUSJONENS VERKNADER FOR SELSKAPET

Gjennom fusjonen vil alle egedelar, rettar og plikter som høyrer til Nærtenesten AS bli overtatt av Origod AS mot at aksjonæren i Nærtenesten AS mottok aksjevederlag utskrive av Origod AS. Dette inneber at heile den igangverande verksemda i Nærtenesten AS overførast til og videreførast av Origod AS.

Vedtaket i generalforsamlinga i Nærtenesten AS inneber at selskapet blir oppløyst for fusjon med Origod AS. Ved ikraftsetjing av fusjonen vil Nærtenesten AS bli sletta som juridisk eining. Siktemålet er at fusjonen trer i kraft i løpet av desember 2018.

### 4. FUSJONENS VERKNADER FOR DEI TILSETTE

Dei tilsette i Origod AS blir ikkje påverka av fusjonen og held fram sine tilsetjingsforhold med uendra lønsvilkår og rettar.

Alle tilsette i konsernet Nærtenesten AS blir overførte til Origod AS med uendra lønsvilkår og rettar. Det overtakande selskapet overtek fullt ut det overdragande selskapet sine plikter overfor dei overførte tilsette.


Origod AS skal vidareføre offentlig tenestepensjon for dei tilsette i konsernet Nærtenesten AS som er medlemmer i den lukka ordninga. KLP sin føretakspensjon skal vidareførast for dei øvrige tilsette i konsernet Nærtenesten AS.

Alle tilsette i begge selskapa også tilsette på VTA kontrakt, er blitt informert om fusjonen og er gitt høve til å drøfte og uttale seg om samanslåinga i samsvar med reglane i aksjelova og arbeidsmiljølova.

Styret i Nærtenesten AS


Flora 03.10.18  
stad, dato

  
Vidar Grønnevik  
Styreleiar

  
Sissel Leni Sundal Nærø  
Styremedlem

  
Edith Anna Årebrot Madsen  
Styremedlem

  
Elna Magny Berge  
Styremedlem

  
Lasse Seim  
Styremedlem

**RAPPORT FRÅ STYRET I ORIGOD AS  
OM  
FUSJON MELLOM  
ORIGOD AS OG NÆRTENESTEN AS**

**1. BAKGRUNN**

Styra i Nærtenesten AS og Origod AS har utarbeidd ein felles fusjonsplan for fusjon av selskapa med sistnemnte som overtakande selskap.

Denne rapporten er utarbeidd i samsvar med aksjelova § 13-9.

**2. GRUNNGJEVINGA FOR FUSJONEN**

Styra i Nærtenesten AS og Origod AS er samde om å foreslå for sine respektive generalforsamlingar at selskapa fusjonerer. Origod AS er overtakande selskap og Nærtenesten AS er overdragande selskap i fusjonen.

Nærtenesten AS er ei Vekstbedrift og Origod AS har status som Arbeid- og Inkluderingsverksemd. Dette vil m.a. sei at selskapa er godkjente som leverandørar av tiltak i skjerma sektor til NAV. Det gjeld eigne forskrifter for drift av desse verksemdene, som ikkje har høve til å betale utbytte, ikkje skal betale skatt på overskot og der overskotet skal brukast til å utvikle og fremme arbeid og kvalifisering. Etter omlegging av tiltakssystemet er alle inntektene frå NAV stykkprisfinansiert og det blir berre betalt for faktiske leverte månadsverk til NAV.

Rammevilkåra for Vekstbedriftene og Arbeid- og Inkluderingsverksemdene har blitt vesentleg svekka sidan 2016. Dette som følge av omlegging av tiltaksstruktur og endra rammevilkår frå NAV, meir bruk av anbod frå NAV og at NAV utfører stadig meir av tenestene sjølv.

Som ein konsekvens av dette er talet på tilsette i begge verksemdene blitt redusert, men likevel kan det vere vanskeleg å oppnå tilfredsstillande lønsemd i drifta.

Slik situasjonen er blitt, innser styre, leiing og tilsette i begge verksemdene at dagens driftsmodell ikkje har tilstrekkeleg tyngde til å få ei god utvikling og må tilpasse seg endra rammevilkår. Ved å fusjonere skapar ein ein ny og større samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbodskrav frå NAV Vestland, ein vil sikre eit godt fagmiljø, kunne få ein rasjonaliseringsgevinst i driftskostnadane på minst NOK 1 mill.

NAV Sogn og Fjordane er svært positiv til framlegget om å fusjonere og har tilrådd fusjonen.

Formålet med fusjonen er å møte denne utviklinga og bli slagkraftig som arbeidsmarknadsaktør i Sunnfjord-området, og kursleverandør til NAV generelt.

Ved å fusjonere har selskapa større mogelegheiter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet for brukarane og å skape solide og trygge arbeidsplassar. Det er vidare eit mål å oppnå ei betre utnytting av samla ressursar, og å vidareutvikle kompetansen og breidda i det samla tilbodet for å møte endra rammevilkår og krav, og slik bli mindre sårbare. Gjennom fusjonen vil NAV kunne disponere tiltaksplassane fritt i den felles bu- og arbeidsmarknaden som Nærtenesten AS og Origod AS opererer i. På den måten vil NAV få meir fleksible tenester tilpassa behovet, og selskapet som tiltaksarrangør kan lettare sikre at tiltaksplassane blir godt utnyttat. Brukarane vil få ei betre teneste og høve til jobb ved at verksemda dekker eit større distrikt med meir variasjon i samarbeidsverksemd. Fusjonen vil også gi økonomisk innsparing. Verksemda vil ha eit realistisk håp om å kunne utvide tala VTA plassar og nytte og vidareutvikle gode arenaer for arbeid innafor tenesteyting. Verksemda har større sjans til å kunne utvikle kurstilbod til NAV i det nye Vestland.

Fusjon vil også gi betre høve til å utvikle nye tenester, levere anbod og ha større påverknad på NAV, kommunane, fylke og næringsliv for å skape fleire tenester.

Origod AS blir etter fusjonen ei verksemd tilstades i begge dei nye kommunane Sunnfjord og Kinn med arbeidsretta tenester og arbeidsplassar.

På bakgrunn av dette meiner styra i begge selskapa at det vil vere føremålstenleg å fusjonere selskapa.

### 3. FUSJONENS VERKNADER FOR SELSKAPET

Gjennom fusjonen vil alle egedelar, rettar og plikter som høyrer til Nærtenesten AS bli overtatt av Origod AS mot at aksjonærane i Nærtenesten AS mottok aksjevederlag utskrive av Origod AS. Dette inneber at heile verksemda i Nærtenesten AS blir overført til og vidareførast av Origod AS.

### 4. FUSJONENS VERKNADER FOR DEI TILSETTE

Dei tilsette i Origod AS blir ikkje påverka av fusjonen og held fram sine tilsetjingsforhold med uendra lønsvilkår og rettar.

Alle tilsette i konsernet Nærtenesten AS blir overførte til Origod AS med uendra lønsvilkår og rettar. Det overtakande selskapet overtek fullt ut det overdragande selskapet sine plikter overfor dei overførte tilsette.

Origod AS skal vidareføre offentleg tenestepensjon for dei tilsette i konsernet Nærtenesten AS som er medlemmer i den lukka ordninga. KLP sin føretakspensjon skal vidareførast for dei øvrige tilsette i konsernet Nærtenesten AS.


I den grad det skulle vere aktuelt med delvis omlegging av arbeidsoppgåver for dei overførte tilsette, vil dette fortløpande bli diskutert med dei tilsette dette gjeld og med dei tillitsvalde.


Alle tilsette i begge selskapa også tilsette på VTA kontrakt, er blitt informert om fusjonen og er gitt høve til å drøfte og uttale seg om samanslåinga i samsvar med reglane i aksjelova og arbeidsmiljølova.

Florø 03.10.18  
stad, dato



#### Styret i Origod AS:

  
Bjørn-Harald Haugsvær  
Styreleiar

  
Siv Merete Stadheim  
Styremedlem

  
Bente Hauge  
Styremedlem

  
Heidi Grande Røys  
  
Hans-Jørgen Prestrud  
Styremedlem

  
Vidar Grønnevik  
  
Halvard Avdem  
Styremedlem

## **FRAMSTILLING FRÅ STYRET I NÆRTENESTEN AS AV FUSJONSPLAN MELLOM NÆRTENESTEN AS OG ORIGOD AS**

### **1. BAKGRUNN**

Styra i Nærtenesten AS og Origod AS har utarbeidd ein felles fusjonsplan for fusjon av selskapa med sistnemnte som overtakande selskap.

Denne framstillinga er utarbeidd i samsvar med aksjelova § 13-10, jf § 2-6.

### **2. VEDERLAGET I FUSJONEN**

Ved fusjonen vert Nærtenesten AS oppløyst og selskapet blir sletta ved ikraftsetjinga av fusjonen. Som vederlag skal aksjonæren i Nærtenesten AS motta nye aksjar i Origod AS. Det skal ikkje utskrivas tilleggsvederlag i fusjonen.

Fusjonsvederlaget er totalt 152 098 nye aksjar pålydande NOK 1, og dei vert skrive ut gjennom kapitalauke i Origod AS. Aksjekapitalen skal aukast frå NOK 982 964 med NOK 152 098 til NOK 1 135 062. Aksjeinnskottet utgjer NOK 3 141 928, av dette er NOK 152 098 aksjekapital og NOK 2 989 830 overkurs. Aksjeinnskottet vert gjort opp ved at Origod AS overtek alle eigedelar, rettar og plikter som høyrer til Nærtenesten AS. Dette inneber at heile den igangverande verksemda i Nærtenesten AS blir overført til Origod AS.

### **3. FRAMGANGSMÅTEN VED FASTSETTING AV VEDERLAGET**

#### **3.1. Generelt**

Fastsetting av byttetilhøvet er basert på verkeleg verdi av selskapa. Det er i denne samanheng lagt til grunn at netto verkeleg verdi av dei eigedelane, rettane og skyldnadane som Origod AS overtek frå Nærtenesten AS er NOK 10 204 000. Det er vidare lagt til grunn at netto verkeleg verdi av Origod AS er NOK 65 812 000. Dette inneber at kvar aksje i Nærtenesten AS gir rett til utskriving av 152,10 nye aksjar i Origod AS.

Verdsettinga av selskapa er fastsett på bakgrunn av ei samla heilskapsvurdering av dei underliggende verdiane. Ei nærare forklaring av verdsettingsprinsippa som er brukt følger nedanfor i punkt 3.2 og 3.3.

Verdsettinga er basert på verdiar pr 19. september 2018. Kostnader som følge av fusjonsprosessen er også teke omsyn til i verdsettinga. Styret er ikkje kjent med omstende frå tida etter verdsettingstidspunktet som endrar føresetnadane for verdsettinga eller som kan innebere at denne ikkje lenger er dekkande.

Framgangsmåten som er brukt ved verdsettinga, er rekna for føremålstenleg. Etter styrets oppfatning er vederlaget til aksjeeigarane i Nærtenesten AS rimeleg og sakleg grunnitt. Det har ikkje vore særlege utfordringar ved fastsettinga av vederlaget.

Fusjonen vert gjennomført under føresetnad av at beslutta fusjon mellom Origod AS og Mentro AS, org nr 930 255 904, blir gjennomført i samsvar med fusjonsplan av 27. august 2018. Ved berekninga av byttetilhøvet mellom Origod AS og Nærtenesten AS, og ved berekninga av kapitalauka (fusjonsvederlaget) er det teke utgangspunkt i at fusjonen mellom Origod AS og Mentro AS blir gjennomført. Dette inneber at opplysinga av Origod AS sin verdi, er Origod AS sin verdi etter fusjon med Mentro AS. Origod AS sin aksjekapital på NOK 982 964 er vedtatt av generalforsamlinga som ein del av avgjerda om fusjon med Mentro AS. Kapitalauken i Origod i samband med fusjonen med Mentro AS blir elles ikkje registrert i Føretaksregisteret før kreditorfristen i fusjonen med Mentro AS er utløpt og fusjonen blir meldt gjennomført.

### 3.2. Nærare om prinsippa for verdsetting av Nærtenesten AS

Ved verdsettinga er det brukt ein innteningsbasert metode (DCF) der framtidige kontantstrømmer er neddiskonterte basert på forventa inntening. Det er ikkje justert med småverksemdspremie.


### 3.3. Nærare om prinsippa for verdsetting av Origod AS

Ved verdsettinga er det brukt ein innteningsbasert metode (DCF) der framtidige kontantstrømmer er neddiskonterte basert på forventa inntening. Det er ikkje justert med småverksemdspremie. Eigedomane i Origod AS utgjer ein vesentleg verdi. Verdien som er brukt i den samanheng, baserar seg på tidlegare verdivurderingar og eigedomsskattegrunnlag, med omsyn til verdiendringar i perioden fram til 19. juni 2018.


#### Styret i Nærtenesten AS

Flora 03.10.18

stad, dato




Vidar Grønnevik  
Styreleiar



Sissel Leni Sundal Nærø  
Styremedlem



Edith Anna Årebrot Madsen  
Styremedlem



Elna Magny Berge  
Styremedlem



Lasse Seim  
Styremedlem

# **FRAMSTILLING FRÅ STYRET I ORIGOD AS AV FUSJONSPLANEN MELLOM NÆRTENESTEN AS OG ORIGOD AS**

## **1. BAKGRUNN**

Styra i Nærtenesten AS og Origod AS har utarbeidd ein felles fusjonsplan for fusjon av selskapa med sistnemnte som overtakande selskap.

Denne framstillinga er utarbeidd i samsvar med aksjelova § 13-10, jf § 2-6.

## **2. VEDERLAGET I FUSJONEN**

Ved fusjonen vert Nærtenesten AS oppløyst og selskapet blir sletta ved ikraftsetjinga av fusjonen. Som vederlag skal aksjonærane i Nærtenesten AS motta nye aksjar i Origod AS. Det skal ikkje utskrivas tilleggsvederlag i fusjonen.

Fusjonsvederlaget er totalt 152 098 nye aksjar pålydande NOK 1, og vert skrive gjennom kapitalauke i Origod AS. Aksjekapitalen skal aukast frå NOK 982 964 med NOK 152 098 til NOK 1 135 062. Aksjeinnskotet utgjer NOK 3 141 928, av dette er NOK 152 098 aksjekapital og NOK 2 989 830 overkurs. Aksjeinnskotet vert gjort opp ved at Origod AS overtek alle eigedelar, rettar og plikter som høyrer til Nærtenesten AS. Dette inneber at heile den igangverande verksemda i Nærtenesten AS blir overført til Origod AS.

## **3. FRAMSTILLING AV VERKSEMDA SOM BLIR OVERTEKE**

Nærtenesten AS er ein tiltaksarrangør og vekstbedrift godkjend av NAV for leveranse av varig tilrettelagt arbeid. Verksemda har 15 godkjende VTA plasser (varig tilrettelagt arbeid) og driv frå leigde lokal i Hamregata 17, Florø. Dei VTA tilsette har arbeidstakarrettar etter arbeidsmiljøvernlova med ytterlegare retter etter gjeldande føresegn.

Vedlagt denne framstillinga følger årsrekneskapen og revisjonsmeldinga for Nærtenesten AS for dei siste tre åra. Det blir vist til desse for ei nærare oversikt over verksemda, særleg dei økonomiske omstenda.

Verksemda til Nærtenesten AS har i inneverande år vore prega av ordinær drift, der det og er gjort naudsynte tiltak for å tilpasse verksemda til endra rammevilkår.

## **4. FRAMGANGSMÅTEN VED FASTSETTINGA AV VEDERLAGET**

### **4.1. Generelt**

Fastsetting av byttetilhøvet er basert på verkeleg verdi av selskapa. Det er i denne samanheng lagt til grunn at netto verkeleg verdi av dei eigedelane, rettane og skyldnadane som Origod AS overtek frå Nærtenesten AS er NOK 10 204 000. Det er vidare lagt til grunn at netto verkeleg verdi av Origod AS er NOK 65 812 000. Dette inneber at kvar aksje i Nærtenesten AS gir rett til utskriving av 152,10 nye aksjar i Origod AS.

Verdsettinga av selskapa er fastsett på bakgrunn av ei samla heilskapsvurdering av dei underliggende verdiane. Ei nærare forklaring av verdsettingsprinsippa som er brukt følger nedanfor i punkt 4.2 og 4.3.

Verdsettinga tar utgangspunkt iverdiar pr 19. september 2018. Kostnader som følge av fusjonsprosessen er også teke omsyn til i verdsettinga. Styret er ikkje kjent med omstende frå tida etter verdsettingstidspunktet som endrar føresetnadane for verdsettinga eller som kan innebere at denne ikkje lenger er dekkande.

Framgangsmåten som er brukt ved verdsettinga, er rekna for føremålstenleg. Etter styrets oppfatning er vederlaget til aksjeeigarane i Nærtenesten AS rimeleg og sakleg grunnitt. Det har ikkje vore særlege utfordringar ved fastsettinga av vederlaget.

Fusjonen vert gjennomført under føresetnad av at vedtatt fusjon mellom Origod AS og Mentro AS, org nr 930 255 904, blir gjennomført i samsvar til fusjonsplan av 27. august 2018. Ved utrekninga av byttetilhøvet mellom Origod AS og Nærtenesten AS, og ved utrekninga av kapitalauken (fusjonsvederlaget) er det teke utgangspunkt i at fusjonen mellom Origod AS og Mentro AS blir gjennomført. Dette inneber at opplysinga av Origod AS sin verdi, er Origod AS sin verdi etter fusjon med Mentro AS. Origod AS sin aksjekapital på NOK 982 964 er vedtatt av generalforsamlinga som ein del av avgjerda om fusjon med Mentro AS. Kapitalauken i Origod i samband med fusjonen med Mentro AS blir ikkje registrert i Føretaksregisteret før kreditorfristen i fusjonen med Mentro AS er utløpt og fusjonen blir meldt gjennomført.

#### **4.2. Nærare om prinsippa for verdsetting av Nærtenesten AS**

Ved verdsettinga er det brukt ein innteningsbasert metode (DCF) der framtidige kontantstrømmar er neddiskonterte basert på forventa inntening. Det er ikkje justert med småverksemdspremie.

#### **4.3. Nærare om prinsippa for verdsetting av Origod AS**

Ved verdsettinga er det brukt ein innteningsbasert metode (DCF) der framtidige kontantstrømmar er neddiskonterte basert på forventa inntening. Det er ikkje justert med småverksemdspremie. Eigedomane i Origod AS utgjer ein vesentleg verdi. Verdien som er brukt i den samanheng, baserar seg på tidlegare verdivurderingar og eigedomsskattegrunnlag, med omsyn til verdiendringar i perioden fram til 19. september 2018.

### **5. OPPLYSNINGAR OM OMSTENDE MED INNVERKNAD PÅ FUSJONEN**

Styret er ikkje kjent med at det er omstende som kan ha innverknad på vurderinga av verksemda som skal overtakast og for gjennomføring av fusjonen, anna enn det som er teke omsyn til ved verdsettinga eller for øvrig er omtala i denne framstillinga.

### **6. FRÅSEGN OM OVERTAKING AV VERDIAR**

Styret i Origod AS stadfestar at dei eigedelane, rettane og skyldnadane som selskapet skal overta ved fusjonen kan oppførast i balansen til ein samla nettoverdi som minst tilsvarer pålydande av dei 152 098 aksjane kvar pålydande NOK 1 som blir skrivne ut som fusjonsvederlag frå Origod AS med tillegg av overkurs, det vil seie eit samla aksjeinnskot på NOK 3 141 928, av dette er NOK 152 098 aksjekapital og NOK 2 989 830 overkurs.

oooOOOooo

Vedlegg:

Årsrekneskap og revisjonsmelding for Nærtenesten AS for dei tre siste åra




Florø 3.10.18

stad, dato


**Styret i Origod AS:**


  
Bjørn-Harald Haugsvær  
Styreleder

  
Heidi Grande Røys  
Styremedlem

  
Siv Merete Stadheim  
Styremedlem

  
Bente Haug  
Styremedlem

  
Vidar Grønnevik  
Styremedlem

  
Hans Jørgen Prestrud  
Styremedlem

  
Halvard Avdem  
Styremedlem